


Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO



Høyring - Framlegg om midlertidig endring i friskulelova - stopp for godkjenning av frittstående skular - framleg om endring av fagskulelova

Utdanningsforbundet meiner vi må få ei målretta satsing på den felles offentlege skulen. For å få til ein god offentlig skule må ein satse på kvalitet og på at kommunane og skulen blir sikra finansiering. Det krev ei styrking av kommuneøkonomien og minstestandardar i lovverket som sikrar minste ressursnivå. Ressursinnsatsen i skulen må konsentrerast mest mogleg om den offentlege skulen, i staden for at lovverket skal ha som formål å gjere det lettare å starte private skular med statsstøtte (friskular).

Utdanningsforbundet har derfor heilt frå starten vore sterkt imot den nye friskulelova, som gir private skular rett til godkjenning og tilskott frå staten uavhengig av formål, så lenge dei oppfyller fastsette krav til innhald og kvalitet. Vi meiner at private skular framleis skal ivareta et religiøst/livssynsmessig alternativ eller et fagleg-pedagogisk alternativ.

Utdanningsforbundet støttar Regjeringa sitt ynskje om å stramme inn utbreiinga av private skular som ikkje utgjer eit religiøst og pedagogisk alternativ. Vi meiner det er rett å bruke tid på ein gjennomgang av friskulelova og at det er nødvendig å stoppe veksten av friskular inntil ei ny lov er på plass. Det inneber at godkjenningsordningane i friskulelova ikkje kan haldast oppe i utgreiingsperioden.

Vi er einig i at utviklinga i norsk skule dei siste 10-15 åra og den generelle samfunnsutviklinga gjer det nødvendig å grei ut nærare kva som skal reknast som pedagogiske alternativ, og i kva grad lova skal tillate at det blir oppretta private skular på religiøst grunnlag. Det er positivt at denne gjennomgangen også tar sikte på å avklare tilhøvet mellom fagskular og friskular og at ein skal gjere ei vurdering av om all yrkesretta utdanning utover vidaregåande opplæring bør bli forankra i fagskulelova.

Utdanningsforbundet legg til grunn at dei framlagte lovendingane ikkje er i strid med anna lovverk, til dømes tilbakeverknadsforbodet i Grunnlova § 97. Vi viser her til den siterte uttalen frå lovavdelinga i Justisdepartementet. På dette grunnlaget støttar Utdanningsforbundet framlegga til lovendingar.

Vi er einig i framlegga om at det midlertidig ikkje givast godkjenning til nye frittstående skular eller tilskott til godkjente skular som ikkje er i drift 13. desember 2005. Utdanningsforbundet støttar framlegga til endring i §§ 1-1, 2-1, 2-2 og 6A-1. Den tilsvarande endringa i § 1-5 som fastset at det midlertidig ikkje skal givast høve til avvik frå lova i samband med tidsavgrensa pedagogiske og organisatoriske forsøk, har óg vår støtte. Vi vil i tillegg gjere merksam på ein feil i

høyringsdokumentet til § 2-2. I gjeldande lov er det berre i § 2-1 for grunnskular at første ledd har eit andre punktum som lyder: "Den enkelte skolen må gi opplæring på norsk eller samisk." I høyringsutkastet er dette punktumet også kome med i § 2-2 om vidaregåande skular, som uendra tekst.


Utdanningsforbundet meiner det er greitt at godkjente skular som er i drift, kan få endra godkjenninga si etter søknad. Endringa kan til dømes vere justering av alderstrinn, fleire elevplassar eller nye tilbod. Vi er glad for at departementet signaliserer at ein vil vere restriktiv med å godkjenne fleire elevplassar.

Vi sluttar oss til at det berre skal vere mogleg med unnatak frå den midlertidige godkjenningsstoppen i særlege tilfelle og har merka oss at unnataket først og fremst er aktuelt ved etablering av lokale skular i grisgrendte strok ("grendeskular").


Utdanningsforbundet meiner det er viktig at regelen om at det skal takast omsyn til vesentlege negative følgjer for vertskommune eller vertsfylkeskommune, vert vidareført. Vi meiner at den endelege lova må få reglar om at kommunane sine uttaler må tilleggjast "avgjørende vekt" dersom ei etablering av frittståande skule vil innebere negative konsekvensar for kommunen/fylkeskommunen.

Vi støttar framlegget om endring i fagskulelova § 8, slik at det berre vil vere friskular som er godkjent etter fagskulelova innan 16. desember 2005, som skal ha tilskott etter reglane i friskulelova.

Med vennleg helsing
for Utdanningsforbundet



Torbjørn Ryssevik
avdelingssjef



Per Arne Sæther
seniorkonsulent